



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Cecilie Roppen	Arkivsak:	2015/83
		Løpenr.:	3746/2019

Utvalsaksnr.	Utval	Møtedato
19/45	Ulstein formannskap	19.03.2019
19/29	Ulstein kommunestyre	28.03.2019

KOMMUNEPLANENS AREALDEL 2019-2031 - PLANVEDTAK I KOMMUNESTYRET

Saka gjeld:

Kommuneplanens arealdel 2019-2031 har vore ute til 2. gongs offentleg ettersyn. Det har vore lagt opp til brei medverknad i planprosessen. Kommunen har motteke mange merknader og nokre motsegner. Alle motsegner vart avklart bortsett frå den som gjeld gravplass. Dermed vart det mekling i regi av Fylkesmannen i Møre og Romsdal med Ulstein kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga som partar. Meklinga førte ikkje til semje. Om kommunestyret gjer planvedtak i samsvar med framlegget, vil saka bli sendt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd.

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 28.03.2019:

Ulstein kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 11-15, Kommuneplanens arealdel - Ulstein kommune 2019-2031, slik den ligg føre, med følgende endringar:

- Turveg Fjelle–Hasundhornet vert bygd som kategori C-sti.
- Området T105 Saunes–Glopen vert teke ut av planen.

Avklaring om arealbruken til gravplass, område G101 og G102 vert oversendt til kommunal- og moderniseringsdepartementet for avgjerd, jf. motsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga.

Handsaming:

Tilråding frå formannskapet:

Ulstein kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 11-15, Kommuneplanens arealdel - Ulstein kommune 2019-2031, slik den ligg føre.

Avklaring om arealbruken til gravplass, område G101 og G102 vert oversendt til kommunal- og moderniseringsdepartementet for avgjerd, jf. motsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga.

Framlegg frå Magne Gurskevik til prøverøysting:

Området B4 er eit attraktivt sentrumsnært område.

Dette arealet kan ikkje bandleggast i lang tid utan mulegheit for realisering for tiltak som naturleg høyrer til i sentrum.

Så snart som råd må dette området takast ut av planen som LNF-føremål.

Framlegg frå Senterpartiet:

Området T104 på Garnes vert endra frå fritidshus/utleiehytter med byggeplassar til bustad-, naust- og fritidsføremål i samsvar med søknad frå eigar av gnr. 20/5, Ulstein Betongindustri.

Framlegg frå Odd Arne Vikebakk:

Turveg Fjelle–Hasundhornet vert bygd som kategori C-sti.

Framlegg frå Høgre:

Området T105 Saunes–Glopen vert teke ut av planen.

Justert tilråding frå formannskapet fremma av ordføraren – del 1:

Ulstein kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 11-15, Kommuneplanens arealdel - Ulstein kommune 2019-2031, slik den ligg føre, med følgande endringar:

Justert tilråding frå formannskapet fremma av ordføraren – del 2:

Avklaring om arealbruken til gravplass, område G101 og G102 vert oversendt til kommunal- og moderniseringsdepartementet for avgjerd, jf. motsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga.

Prøverøysting:

Det vart prøverøysta over framlegget frå Magne Gurskevik. Framlegget fekk 22 røyster, 3 røysta imot. Framlegget er ikkje vedteke sidan voteringa var ei prøverøysting, og det vart ikkje fremma til ordinær røysting.

Røysting:

Framlegget frå Senterpartiet fekk 4 røyster og fall.

Framlegget frå Odd Arne Vikebakk vart vedteke med 13 mot 12 røyster.

Framlegget frå Høgre var vedteke med 15 mot 10 røyster.

Den justerte tilrådinga frå formannskapet fremma av ordføraren – del 1 vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

Den justerte tilrådinga frå formannskapet fremma av ordføraren – del 2 vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

Tilråding frå Ulstein formannskap, 19.03.2019:

Ulstein kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 11-15, Kommuneplanens arealdel - Ulstein kommune 2019-2031, slik den ligg føre.

Avklaring om arealbruken til gravplass, område G101 og G102 vert oversendt til kommunal- og moderniseringsdepartementet for avgjerd, jf. motsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga.

Handsaming:

Tilråding frå rådmannen:

Ulstein kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 11-15, Kommuneplanens arealdel - Ulstein kommune 2019-2031, slik den ligg føre.

Framlegg frå ordføraren:

Ulstein kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 11-15, Kommuneplanens arealdel - Ulstein kommune 2019-2031, slik den ligg føre.

Avklaring om arealbruken til gravplass, område G101 og G102 vert oversendt til kommunal- og moderniseringsdepartementet for avgjerd, jf. motsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga.

Røysting:

Tilrådinga og framlegget vart sette opp mot kvarandre. Framlegget frå ordføraren vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

Tilråding frå rådmannen:

Ulstein kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 11-15, Kommuneplanens arealdel - Ulstein kommune 2019-2031, slik den ligg føre.

Saksfakta:

Ulstein formannskap vedtok i møte 02.03.2015, sak 15/25 å starte opp arbeidet med rullering av kommuneplanens arealdel. Planprogrammet blei stadfesta 15.09.2015, PS sak 15/93.

Formannskapet vedtok i møte 27.06.2017, sak 17/67, å leggje kommuneplanen sin arealdel ut på 1.gongs offentleg ettersyn i perioden 05.07.2017-15.09.2017. I tida fram til arbeidet med 2. gongs høyring vart det halde opne folkemøte og møter med lokale foreiningar:

- Folkemøte 07.09.2017
 - Gjennomgang av kommuneplanens arealdel i Ungdomsrådet 06.11.2017
- Pr. 22.11.2017 var det registrert 48 skriftlege merknadar og 10 motsegner.

Innspela vart handsama, og i møte 13.03.2018, sak 18/23, vedtok formannskapet å legge planen ut til 2. gongs offentleg ettersyn i perioden april-mai 2018. CityPlanner vart nytta til å lage ein 3D-modell som vart lagt ut på nettet. Her kunne innbyggjarane kome med innspel på det som omhandla føreslegne turvegar. Det kom inn 182 innspel og rapporten ligg ved. Det blei også halde folkemøte i krinsane i denne perioden. Grunna vakanse i planleggarstillinga nokre månader i 2018, drog prosessen noko meir ut i tid enn ønskeleg.

Det kom inn 62 innspel etter 2. gongs offentleg ettersyn, der 10 av dei var motsegner. Formannskapet vurderte motsegnene i møte 11.09.2018, sak 18/71, og vedtok kva motsegner det skulle drøftast/meklast om. Formannskapet valde då å ta ut T105 frå planen, men grunna usikkerheit frå administrasjonen si side på om dette gjaldt heile området eller berre bubilparkering var det ønskje om ei spesifisering. I møte 20.09.2018, sak 18/84, presiserte formannskapet at bubilparkering bør plasserast andre stadar enn på Glopen. Område T105 gjekk difor til drøfting/mekling.

Formannskapet vedtok den 12.02.2019, sak 19/26, å sende planen til mekling slik den då låg føre.

Vurderingar og konklusjon:

Arbeidsgruppa for arealdelen har i tida etter høyringsperioden gått gjennom dei innkomne merknadane. Ein del har blitt innarbeidde i planen, medan andre ikkje har blitt tatt til følge. Samandrag av innkomne merknadar med kommentarar frå arbeidsgruppa ligg som vedlegg til saka.

Etter 2. gongs offentleg ettersyn var det ti motsegner til planframlegget frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga. Det blei gjennomført drøftingsmøte med begge partar, og alle motsegner bortsett frå ei har blitt løyst og trekt. Motsegna som står att omhandlar utviding av gravplassen. Ulstein kommune har vore tydelege på at utviding av gravplass skal skje på Osnes. Det blei difor gjennomført mekling om denne motsegna den 19.02.2019. Meklinga førte ikkje fram. Partane held i prinsippet fast på sine standpunkt og motsegna til planen vert ståande ved lag. Referat frå møtet og skisser som syner Ulstein kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune sine forslag til utviding av gravplass ligg ved.

Ulstein kommune sine alternativ er å ta omsyn til motsegna frå fylkeskommunen og motsegna vil kunne trekkast. Dette vil også omfatte ei justering av planframlegget i tråd med

fylkeskommunen sine krav. Det er ein føresetnad at justeringane som rører automatisk freda kulturminne vert godkjent av Riksantikvaren. Kommunen vil etter denne runden kunne eigengodkjenne planen.

Det andre alternativet, og som administrasjonen går inn for, er at kommunen står på sitt opphavlege forslag og saka vert sendt til kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Frå fylkesmannen si side vart det under meklinga vist til at stipulert handsamingstid i departementet vil vere kring eitt år. Dette kan synest lenge, men administrasjonen vil peike på at planen elles kan nyttast som grunnlag for vidare planarbeid og handsaming av einskildsaker sjølv om den ikkje vert juridisk gjeldande før departementet har konkludert.

Endringane som er gjort i planen etter 2. gongs offentleg ettersyn er beskrive i eige vedlegg. Det er gjort nokre små justeringar av planen etter handsaming av formannskapet 12.02.2019.

I T105 – turist- og fritidsformålet på Gløpen er nokre nausttomter mot nord innlemma i området og grensa mot sør fyl no eksisterande fyllingsfot.

I føresegnene er teksta noko endra i § 7.1.1 c), og d) er fjerna heilt. § 7.3.1 tredje punkt og § 7.3.2 siste avsnitt er noko endra. Dette hang igjen frå gamal kommuneplan og gav anten ikkje meining eller er sikra i andre delar av føresegnene. Og det var behov for å tydeleggjere krava til leikeplass.

Etter at planen var på 2. gongs offentleg ettersyn vart det lagt inn byggegrense mot sjø i kartet. Endringa vart sendt på ei avgrensa høyring til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen kom med motsegn til framlegget då dei meiner kommunen ikkje har gjort ei konkret nok vurdering av strandsoneomsyna i dei aktuelle områda. Vi har difor valt å ta ut igjen byggegrensene frå kartet og endra tilbake føresegna slik den var ved 2. gongs offentleg ettersyn. Retningslina er noko endra. Fylkesmannen har ikkje motsegn til føresegna slik den opphavleg var. Det vil bli vurdert å gjennomføre ei mindre endring etter at planen er vedteken der ein legg inn igjen byggegrensene, men med eit meir detaljert bakgrunnsmateriale for dei enkelte områda.

Ein har til no lagt til grunn planperioden 2017-2029, men sidan kalenderen no viser 2019, er planperioden endra til 2019-2031.

Arbeidsgruppa rår til at Ulstein kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 11-15, Kommuneplanens arealdel – Ulstein kommune 2019-2031, slik den ligg føre.

Lenke til meir informasjon:

<https://kommunekart.com/klient/ulstein/kplanrull>

Vedlegg:

- 1 Kommuneplankart
- 2 Føresegner arealdelen Kommuneplan 2019
- 3 Planomtale Kommuneplan 2019
- 4 Oversikt over endringar etter 2 gongs offentlig ettersyn
- 5 Oversikt innkomne innspel etter 2.gongshøyering arealdelen m/kommentarar
- 6 Temakart T1 - soner sentrum
- 7 Konsekvensutgreiing arealdelen Kommuneplan 2019
- 8 ROS-analyse arealdelen Kommuneplan 2019
- 9 Rapport Innbyggardialog Fjelltur
- 10 Referat mekling Ulstein kommune KP arealdel
- 11 Primært alternativ fylkeskommunen gravplass
- 12 Sekundært alternativ fylkeskommunen gravplass
- 13 Skisser gravplassalternativ – UK
- 14 Tabell Behov for gravplass
- 15 Motsegn - Ulstein byggegrense mot sjø

Verner Larsen
rådmann

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.